

Fra: Kjell Magnus Økland (kjellmag@gmail.com)
Sendt: 16.12.2015 14:25:13
Til: Tone Stedal Haugland
Kopi:

Emne: Evt. registreringsprosjekt om råsegl i Hordaland

Vedlegg:

Heisann

Underteikna sitt mangeårige arbeid med [Oselyarboka](#), mange drøftingar med råseglintersserte personar dei siste 10 åra, eit riggeprosjekt av Hordamuseet sin seksæring Babben, [Forbundet Kysten sitt råsegelseminar 2016 i Masfjorden](#) og [Forbundet Kysten sitt arbeid for å føra opp Nordisk Klinkbåttradisjon på UNESCO si liste over immatriell kulturarv](#) har alle vore med på å synleggjera for underteikna det manglar eit skikkeleg oversyn over kva som finst av råseglsmateriale frå Hordaland. Råseglet er måten ein seglar på frå seglkunsten brer om seg i Norden ein gong før 800 e. Kr og fram til andre halvdel av 1800-talet i Hordaland. Det er altså her tale om meir enn 1000 års søge for det som var den mest effektive framdriftsmiddelet.

Eg har difor eit forslag om at det vert sett i gang eit tidsavgrensa prosjekt for å laga eit oversyn over kva materiale som finst frå Hordaland av råsegl, råseglsutstyr, råseglsbåtar/modellar og relevante illustrasjonar av råsegl.

Målsetjingar:

A. Registrera alle kjende forekomster frå Hordaland av råsegl, råseglsutstyr, råseglsbåtar/modell og relevante illustrasjonar av råsegl

B. Dokumentera alle forekomster frå Hordaland av råsegl, råseglsutstyr, råseglsbåtar/modell og relevante illustrasjonar av råsegl med:

-) tekst - fakta av typen stad, eigar, storleik, osv.

-) foto - både nyknipsing og evt. skanning av gamle foto av råsegla i bruk

-) film/lydband med informantar

C. Samla inn råsegl og råseglsutstyr

D. Dersom det er/kan skaffast forsvarleg magasinplass, samla inn råseglsbåtar samt oppretta dialog med eigarar.

E. Syta for god konservering og magasinering av det innsamla materialet.

F. Noko av materialet er delvis oppmålt og avteikna. Det bør lagast nøyaktige oppmålingsteikningar av alt materialet. Teiknar: Hallgeir Forstrønen Bjørnevik

G. Digital/online tilgjengeleggjing av materialet i punkt 2 = råseglarkivet for Hordaland, som vert løpande oppdatert dersom det skulle dukka opp nytt relevant stoff.

H. Fagleg sluttrapport om prosjektet

Stab:

Sentrale: Kjell Magnus Økland, Hallgeir Forstrønen Bjørnevik

Meir perifere: Arne Høyland, Eldar Heide, Per Otto Svendsby, Ole Mikal Olsen Ramsøy, Hans Kr. Bukholm, Peter Helland Hanssen, Arne Emil Christensen, Jon Godal, Finn Totland.

Arbeidsmåtar:

Registrerings- og intervjuarbeidet vil skje ved oppsøkande kontakt og synfaring der aktuelt material er lokalisert.

Foto, oppmålings- og teikningsarbeidet krev naudsynt arbeidsflate og kan anten skje på staden der råseglsubjektet er lokalisert eller på meir eigna stad.

Konserverings- og magasineringsarbeidet vil skje ved relevant museumsinstitusjon.

Tilgjengeleggjing vil skje fortløpande via ei heimeside med eige domene -

td.www.raaseglihordaland.no

Interesserte kan følgja prosjektet via ei facebook-side.

Tidleg i prosjektfasen bør lokale media, museum, kystlag og lokalsogemiljø bør kontaktast for å evt. spora opp nye og ukjende råseglsobjekt.

Framdrift/omfang:

1. Avklara innhald og omfang - desember 2015-januar 2016
2. Skaffa finansiering - desember 2015-mars 2016
3. Gjennomføring av punkta A-B-G-H - i løpet av våren/sumaren 2016
4. Førebels rapport presentert under Forbundet Kysten sitt råseglsseminar i 15-18. september 2016 i Masfjorden
5. Evt. skaffa meir finansiering slik at punkta C-D-E-F óg kan gjennomførast - januar 2016-juni 2016

Økonomi må kunne dekkja:

Synfaring pr objekt - 1 dagsverk KMØ, HFB, tidvis ein tredjemann (+ lokal informant/kontakt)

For- og etterarbeid - 1,5 dagsverk KMØ (skaffa oversyn, ta kontakt, ordna foto, skriva, overføring til database/webseite, facebook)

Oppmålingsteikning - 1,5 dagsverk HFB

Reiseutgifter (bilkøyring/ferjebilletter)

Material til teikning

Webhotell/domene

Fint om me kunne tatt ein prat i nær framtid om korleis eit Hordaland Fylkeskommune kunne bidratt til eit slikt prosjekt.

Helsing

Kjell Magnus Økland

Kjell Magnus Økland

Petedalsheia 77

5254 Sandsli

kjellmag@gmail.com

+ 47 95 04 67 39

www.kjellmag.no

www.oselvarbok.no

www.norwegiansteam.com

Org. nr. 992 868 651